

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 06.11.2018

Emil Gadolin (A) sette fram slikt forslag:

«Utval for opplæring og helse ber om at fylkesrådmannen kjem tilbake til utval for opplæring og helse med ein redegjering for oppfølging av tilrådingane til elev- og lærlingeombodet og mobbeombodet i rapportene for vår 2028.»

Røysting

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Emil Gadolin (A) sette fram slikt forslag:

«Møteplanen for 2019 må endrast på grunn av kollisjon med prosjektsamling i arbeidet med samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane (DPO 1). I februar vert møtet i OPHE berre ein dag, tysdag 5. februar. I staden for møtedagen 6. februar vert det eit todagarsmøte i november i samband med dialogsamling knytt til kvalitetsmeldinga. Framlegg til møtedagar i november 2019 er då 12. og 13. og dessutan 26. (uendra).»

Røysting

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.